


DET NORSKE
TEATRET

KRISTIN
LAVRANS
DATTER
II
husfrue



plax i plask

*beskytt skoene
mot regnet -
men la dem også
synes. . .*



1/2 ASKIM GUMMIVAREFABRIK

Bøkene som skapte
verdensberømmelsen
og brakte Sigrd Undset
Nobelprisen!

**KRISTIN
LAVRANS DATTER**

KRANSEN - HUSFRUE - KORSET

Ny separatutgave i tre vakre bind med mørk
blå skinnrygg. Pris kr. 115,00. Vanlige rimelige
ratevilkår hos alle bokhandlere.

ASCHEHOUG

Helsing for skabel

GALLERI

Paletten

I Paletten møtes vi til hyggelig prat om bøker og kunst — og alle er hjertelig velkommen til å se våre skiftende salgsutstillinger av malerier — grafikk — skulptur — brukskunst — reproduksjoner og antikviteter.

Steensens Antikvariat og Kunsthandel

St. Olavs gate 31, inngang Tullins gate — Telefon 33 66 50



er eit tidsskrift for skogbruksnæringa, populært og aktuelt, rikt illustrert. Men det er meir enn eit fagblad. Menigmann og vil der finna forvitneleg stoff om natur og dyreliv. Og ikkje minst barna vil der få nytt innsyn i ei av landet sine hovudnæringar.

Kr. 15,00 pr. år.

Adr.: Stortingsgt. 30, Oslo.

Redaktør: Jakob Kringlebotten.

Kristin Lavransdatter

HUSFRUE

Skodespel i 2 akter etter romanen av

SIGRID UNDSET

Dramatisert og sett i scene av

Tormod Skagestad

SESONGEN 1960/61

2 Romaner - 3 Noveller

Husmorhefte i farver

Gaveutdeling

„Mønster og Stoff i ett“

Hver uke i

KVINNER
og klær

60 sider kr. 1,—

Handwritten text, possibly a name or title, is visible at the top of the page.



Sigrid Undset.

SIGRID UNDSSET OG «HUSFRUE»

«Husfrue» utgjer den midtre og sentrale bolken i romantrilogien om Kristin Lavransdatter. I fyrste bolken, «Kransen», var vi vitne til Kristins oppreist mot foreldra og tradisjonen, som ville binde henne til ein mann ho ikkje var glad i, og hennar eige val av husbond, den høgætta, sjarmerande, men upålitande Erlend Nikulausson. Det er på heimegarden hans, Husaby i Trøndelag, Kristin blir husfrue, og det er der handlinga i dramatiseringa går føre seg. Var «Kransen» ei skildring av ekstatisk og syndig elskhug, slik mellomalderen såg på hopehavet mellom mann og kvinne, så får vi i «Husfrue» ei tolking av dei fylgjene synda og eigenviljen fører med seg for Kristin. Ho har ofra alt for kjærleiken til ein mann som har to born med ei frille, og ho har slite dei sterke banda som knytte henne til faren og den strenge kristne moral-oppsedinga til kyrkja på 1300-talet. Kristin veit at ho må gjera bot for desse grove syndene, og då fyrste barnet kjem, driv skuldkjensla henne i skriftestolen til Erlends bror, Gunnulf, som rår henne til å gå botsgang til erkebispem i Nidaros og der leggje ned gullkransen, symbolet på den reine møy, som ho har varveitsla så ille og bore med urette. Men botsgangen fører ikkje til den frigjering frå sut og skuldkjensle som Kristin har drøymt om. Ho maktar ikkje å vende hugen sin frå det jordiske til det himmelske. Skuldtyngda aukar med åra, og snur seg til uvilje og hat mot Erlend som hadde lokka henne inn på syndarvegen. Elskhugen, som hadde herda viljen hennar så han vart kvass som ein kniv når det galdt å skjera av alle band frå ætt, kristendom og ære, veiknar og bleiknar, og dei mange vonbrota ho lid i samlivet med Erlend, gjer henne illhuga og vond; eit «troll» kallar han henne ein gong. Dei som har elska kvarandre med den heitaste trå, endar med å vera to ormar som bit kvarandre i sporden, som det heiter i romanen.

«Kristin Lavransdatter» er den mest vidgjetne histo-

Framhald side 27

SYN OG SEGN

Tidsskriftet i framgang

Opplag i dag: 6000

Tingar De Syn og Segn, blir De medlem i Det Norske Samlaget og kan kjøpe bøkene frå forlaget til sterkt reduserte prisar. Skriv «Ny medlem» på innbetalingskortet, så får De straks tilsendt katalogar.

Redigert av professor Olav Midttun og lektor
Bjarte Birkeland.

Ekspedisjon: Kristian Augusts gate 14, Oslo.
Postgiro: 8702

DET NORSKE SAMLAGET

VERDENS STØRSTE

SPECIAL GUMMIERT

Salg



RIZLA


SIGARETT PAPIR

200 ÅRS ERFARING GARANTERER KVALITETEN
ENESALG FOR NORGE; GUNNAR STENBERG - OSLO



Rut Tellefsen og Georg Løkkeberg i «Kransen».

W. H. O. Sørensen, Kjøbenhavn



Teatersjef Tormod Skagestad i registolen.

Litt om dramatiseringa av «KRISTIN LAVRANSDATTER»

Av Tormod Skagestad

Da eg for 7—8 år sidan las om att Kristin Lavransdatter, slo det meg at inne i dette mektige, roleg flytande eposet låg eit drama latent, og dramaturgen i meg tok straks til å tumle med stoffet, før eg hadde nokon målmedveten tanke

om å dramatisere romanen. Den tanken kom, og vart skrinlagd nokså fort: eg fann det vonlaust å prøve og presse det veldige stoffet inn i eit enkelt skodespel. Det ville krevja ei så gjennomgripande omarbeiding at det måtte blitt eit nytt drama, bygd på Sigrid Undsets roman.

Det gjekk nokre år, og eg tok Kransen fram på nytt. Da såg eg at i grunnen var denne første delen eit drama for seg, eit avrunda heile, enda slutten med det dystre bryllaupet var ein slutt med tragisk perspektiv framover. Planen for dramatiseringsarbeidet tok etter kvart form. Det måtte bli ein skodespel-trilogi, med hovudlyset på Kristins og Erlends kjærleiks- og skjebnedrama, frå dei møttest i Oslo, til dei skildest eit kvart sekel seinare i den rystande scenen ved Erlends dødsseng på Jørundgard. Denne dramatiske trilogien måtte få ein prolog i Kristins trygge barndom heime på Jørundgard, tilhøvet til mora Ragnfrid og serleg til faren Lavrans, og til Gud; bakgrunnen for Kristins konfliktfylte samliv med Erlend. Den må i siste delen, Korset, få ein epilog i Kristins botsgang til Nidaros og Kristins død.

I «Kransen» vart Kristins og Erlends kamp for å få kvarandre, trass i alle hindringar, det store hovudmotivet. Inn i det vev seg to bimotiv som stiller det i relieff: eit større, tilhøvet mellom Ragnfrid og Lavrans, og eit mindre: Åshild på Haugen og herr Bjørn. Eit anna dramatisk motiv ligg latent i den sceniske versjonen av Kransen, serleg i scenene med broder Edvin: kampen i Kristins sinn mellom verda og Gud. I Husfrue lar eg dette motivet falde seg ut for fullt. Or det rike mylderet av personar i romanen kjem tre sterkast fram i scenelyset: brørne Gunnulf og Erlend, bundne til kvarandre med så mange slags band, og mellom dei Kristin. Ho slitst mellom dei som ho slitst mellom motsette krefter i sitt eige sinn. Men på slutten av Husfrue vel ho verda framfor Gud. Etterdønningar av same kampen herjar i Gunnulf, *han* har valt Gud, men det finst så mykje av Erlend i han at kampen har vore lang og hard. Verda-Gud-motivet kjem att i ei avklåra form i scenen mellom Lavrans og Kristin, der han tar farvel med henne, og med livet. Hovudmotivet i Kransen tonar i Husfrue med som eit bittert-ironisk

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketonar i levende tradisjon framført av kjente bydesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting

Til salgs hos musikkhandlerne



M Ø B L E R

Vi makter ikke

gjennom våre vinduer å få vist Dem «vårt ansikt» slik vi gjerne vil. Men bak en beskjeden fasade i Møllergt. 43 vis å vis den engelske kirke, finner De i 1. og 2 etasje et av byens største lokaler i bransjen, med egne avdelinger for soveroms- og spiserooms-møbler.

Vi følger ikke noen ensporet «linje» i vårt vareutvalg, men søker å skaffe våre kunder tidsmessige kvalitetsmøbler for den enkeltes smak og behov.

Velkommen til omvisning og en hyggelig prat om møbler og møbleringsproblemer. Vi hjelper Dem også av med Deres gamle møbler, hvis det er noe De skal fornye.

Våre betalingsbetingelser er de vanlige. Og så til slutt en påminnelse om at fredagene er det møbelkveld, da har vi åpent til kl. 19.

jERIKSEN A/S MØBELFORRETNING

Møllergt. 43 - Telefon 42 66 00 - Vis a vis Den engelske kirke

GEORG LØKKEBERG

gjestar i Erlends rolle, i HUSFRUE som i KRANSEN. Etter store gjestespel i hovudstaden, sist i KRISTIN LAVRANS-DATTER og MY FAIR LADY, treng han ingen nærmare presentasjon. Det Norske Teatret vil berre få ynskje denne fine skodespelaren hjarteleg velkomen tilbake, i von om at dette ikkje blir siste gongen.



Rolf Söder



Harald Heide Steen

Seen billett av Söder kom tilbake Heide Steen

Om ettermiddagen på DET NORSKE TEATRET

LYKKE-PERS REISE
av August Strindberg.

*Eit eventyrspel for alle mellom
10 og 100 år!*

Den svenske Peer Gynt for første gong
på norsk.

Familierabatt: 4 billetter eller meir:
25 % reduksjon.

VEL MØTT I DET NORSKE TEATRET!



Dalsæg

Middelalder-draktene i stykket krevet særpregede ullstoffer og helt spesielle farver. Derfor valgte Det norske Teatret stoffer fra


A.S. DE FORENEDE ULLVAREFABRIKKER D.F.U.

I vår tidsalder
er moderne D.F.U. stoffer
et godt valg for Dem!


LARS TVINDE

gjestar som Tore Eindrideson, sysselmannen i Gauldølafylket. Nokon vanleg gjest er han vel ikkje, for han høyrer huset til, har gjennom snart eit halvt sekel vore ein av grunnpillarane i Det Norske Teatret. Store, skakande sceneprestasjonar som Didrik i *MEDMENNESKE* og kapteinen i *DØDSDANSEN* gav han rang og ry som ein av dei aller fremste skodespelarar i norsk teater.

Velkommen att!



Lars Tvinde som Didrik i «Medmenneske».



Pål Skjønberg og Johan Norlund i «Kransen».

LYKKE-PERS REISE

Neste premiere på Det Norske Teatret blir den svenske «Peer Gynt»: LYCKO-PERS RESA av August Strindberg. Det er eit skodespel som appellerer til publikum på fleire plan: eit fantasifullt eventyrspel for alle mellom 10 og 100 år, men også ei beisk og krass skildring av livet, i pakt med andre Strindbergdrama, likevel ikkje så vonlaust svart som dei fleste andre stykka av Strindberg. Det er fullt av vidd og humor, og «eventyret» endar slik som eventyr s k a l ende. Som Solveig ventar på den norske Per, ventar Lise på den svenske Lykke-Per, og bergar han med sin usjølviske kjærleik.

LYKKE-PERS REISE er fullt og heilt teater, og m o d e r n e teater, som om det skulle vore skrivi av til dømes Bert Brecht, eller William Shakespeare!



Arne Walentin.

At LYKKE-PERS REISE aldri har vore spela i Noreg før, verkar meir enn rart. Kanskje har vi hatt nok med e i n Per. Det Norske Teatret vil no gjerne presentere den andre og LYKKE-PER blir sett opp om ettermiddagen, som ungdoms- og familieframsyning, men kjem truleg som kveldsframsyning ein gong i blant, for det er i høg grad eit skodespel og så for det fullvaksne publikum!

LYKKE-PERS REISE er omsett av *Hartvig Kiran.*

NYE ANDLET PÅ DET NORSKE TEATRET

Frå Oslo Nye Teater kjem Marit Bolling til Det Norske Teatret. Ho vann Oslo-publikum då ho for nokre år sidan slo igjennom som Anne Frank på Folketeatret. Seinare har ho gjort mange fine ting, og store oppgåver ventar henne på Det Norske: den unge Nina i MÅKEN, Lisa i LYKKE-PERS REISE og Marguerite i HISTORIA OM VASCO. I dette stykket spelar Tom Tellefsen hovudrolla, frisøren Vasco; han er også ny i ensemblet, men har spela fleire ting på Det Norske Teatret før som gjest og gjort det godt, sist i OKLAHOMA! Frå Stavanger har teatret henta to unge krefter som vi også ventar oss mykje av: Liv Ullmann og Joachim Calmeyer. Det har gått gjetord om den pur unge Liv Ullmann som Anne Frank, som Kristin og som Ofelia i HAMLET. Første oppgåva på DNT blir ei stor ungjenterolle i MANNEN SOM KOM av Ugo Betti, eit skodespel som først skal ut på turné. Også om Calmeyer har det gått store ord, bl. a. for tolkinga av den unge hovudpersonen i FINN VEIEN ENGEL av Thomas Wolfe. Frå teaterskulen kjem Bjørg Vatlø. Ho debuterer som Margret i «Husfrue».

Vi ynskjer dei alle velkomne i ensemblet.

Det store utvalg

i den lille butikk, like her ved

Det Norske Teatret

Babette Parfymeri A/S

Stortingsgt. 18 — Tlf. 41 62 55

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17. — Telefon 44 32 14.

Kristin La

HUS

Skodespel i 2 akter etter roman

Dramatisert og sett i scene

Musikk: F

Gitarspel: Bjørn Fongaa

Dekorasjonar og kostym

Draktene er laga på systova til L

Dei som er med:

Kristin Lavransdotter	Rut Tellefsen	
Erlend Nikolausson	<i>Rut Tellefsen</i>	Georg Løkkeberg	
Gunnulf Nikolausson	Pål Skjønberg	
Lavrans Bjørgulvsson	Johan Norlund	
Erling Vidkunsson	Harald Heide Steen	
Orm	} Erlends born med	Bjørn Sothberg	
Margret		Eline	Bjørg Uatle
Nåkkve	} Sønene til		
Bjørgulf		Erlend og Kristin	
Gaute			

Pause ett

Hovedrollen

blant brannsikre skap

Pris fra kr. 498,00

ransdatter

RUE

av SIGRID UNDSET

Tormod Skagestad

n Ludt

— Dansen: Edith Roger

Arne Walentin

N. T. av Randi Skahjem

Tore Eindridesson
Håkon på Gimsar
Sunniva Olavsdotter
Kløng Islending
~~Bård Fehirde~~
Ulv Haldorsson
Signe
Sveinar og husfolk

Lars Tvinde
~~Svein Erik Brodal~~

Astrid Bye
Frode Birkeland
John Birkehoel

Rolf Söder
Gunny Jordfald

Jørgen Laarik

Carl Habel

ev. Else Isefiør

3. bilete.

JÖLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER



Frå venstre 1. rekkje: Gunny Jordfald, Bjørg Ualle og Astrid Bye.
2. » John Birkehøel og Svein Erik Brodal.



Walter Jacobsen A.s
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 33 13 68

Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

En gave

— av edelt metall blir alltid husket.

ROBERT NEERBYE

GULLSMED

Bygdø Allé 33 — Telefon 550381

Klosterborg Selskapslokaler

Drammensveien 112 b (Inng. S. Syrsgt.)

TELEFONER:

44 16 70 — 56 30 13

SELSKAPSREISER

KØBENHAVN: 5- og 6-dagersturer.
STOCKHOLM: 5- og 6-dagersturer.
GÖTEBORG: 2-, 3- og 4-dagersturer.

Vi minner også om våre populære dagsturer til:

ARVIKA — KARLSTAD
STRÖMSTAD og UDDEVALLA

NEDRE SLOTTSGT. 17, Oslo,
hj. Karl Johansgt.

Telefoner: 42 11 22 — 42 56 75.

Skandia
REISER

Tidl. Rustøens Reisebyrå

MIDT PÅ KARL JOHAN

BØNDERNES BANK $\frac{1}{2}$

EGERTORGET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greitt

Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

SIGRID UNDSSET PÅ HUSABY I SKAUN

Av Erik Saltnessand.

Forsommaren 1921 budde Sigrid Undset eit par veker i Skaun. Ho arbeidde da med andre delen av roman-cyklusen om Kristin Lavransdatter: Husfrue. Det fall naturleg for Sigrid Undset at ho ville setja seg inn i tilhøva i bygda der Kristen Lavransdatter for mange hundre år sidan var husfrue på storgarden Husaby. Under opphaldet i Skaun budde ho hos lærar og kyrkjesongar Rygh på klokkargarden Husbyreina. Garden var næraste nabo til den gamle kyrkje-ruinen og til tuftene etter det som saga og segner nemner som Einar Tambarskjelves hovudsete. Kyrkjesongar Rygh var sjølv sterkt historisk interessert og kjende til dei gamle segnene om Husaby frå sagatida. Mindre kjend var Husaby frå 1300-tallet. Men her hadde Sigrid Undset gjort grundige studiar på førehand.

Storgarden Husaby eksisterte ikkje lenger. Det store herresetet var delt opp i omkring 50 bruksnr. Berre kyrkje-ruinen og den store steinhella, som etter segna skulle ha lege framfor inngangen til Einars skåle — var minne frå stordomstida i mellomalderen.

Eldre folk omkring Husaby har fortalt meg at Sigrid Undset ikkje var så omgjengeleg. Ho tala sjeldan med folk. Heller ikkje var ho innom gardane for å få opplysningar. Nei, ho levde i si eiga verd, hundre år attende — riddaren Erlend av Husabys tidsalder. Oppe på ein bergknaus ovanfor kyrkjeruinen sat ho kvar dag. Her hadde ho eit serleg utsyn over den vakre bygda. Her såg ho dei fleste stader ho nemner i romanen: Medalby (Melby), Skjoldvirkstad (Skjellan) og Skog (Skauge).

KRANSEN


Av omsyn til dei som ikkje fekk sjå første delen av Kristin Lavransdatter, og dei som måtte ha hug til å sjå KRANSEN og HUSFRUE i samanheng, spelar teatret KRANSEN nokre gonger innimellom. Som i HUSFRUE spelar Rut Tellefsen Kristin, Georg Løkkeberg Erlend og Johan Norlund Lavrans.



Edith Roger




Bjørn Sothberg



Finn Ludt

ØNSKER DE

en ekstra god og pen kreppstrømpe så spør efter



ENEIMPORTØR

Vold-Johansen & Goplen

Akersgaten 59

OSLO

Telefon 33 20 08

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

DET er virkelig livskunst

Spesialforretning i radio og TV


Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer.

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 12 måneder.

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

ARBEIDERRADIO

Youngs gate 11, Oslo - Telefon 42 07 37 *



N O R E G S B O K L A G

Bokhandel — Papirhandel

Bøndernes Hus

Rosenkrantzgt. 8, Oslo — Telefon 33 13 74

Moderne damer

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

Kjoler - strømper - undertøy etc.

Kle Dem riktig — det er viktig.

HELNOR Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

OSLO NYE TEATER

i oktober

Françoise Sagan:

«SLOTT I SVERIGE»

Søndagsmatiné

«FUGLEN I LA PLATA»

av Magne Thorsen.

Barneteatret

(i Folketeaterbygningen)

«ROBINSON OG KONGEN»

NATIONALTHEATRET

spiller for tiden på
Hovedscenen

«HEDDA GABLER»

Skuespill av Henrik Ibsen.

Regi: Olafr Havrevold.

«DON JUAN»

Komedie av Molière.

Regi: Arne Thomas Olsen.

«CLERAMBARD»

Skuespill av Marcel Aymé.

Regi: Knut Thomassen.

(Premiere ca. 15. oktober.)

Lille scene:

(i Centralteatret.)

«DEN SOM VIL SEIRE»

Skuespill av Leopold Ahlsen.

Regi: Rolf Christensen.

«SKYGGEN AV MART»

Skuespill av Stig Dagerman.

Regi: Gerda Ring.

(Premiere ca. 12. oktober.)

«LØFTER

OM KJÆRLIGHET»

Skuespill av Helge Hagerup.

Regi: Aud Richter.

(Urpremiere ca. 25. oktober.)

Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger

Savolainen & Co

STORGATEN 4 - OSLO



Det lyser opp

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle. Begynn med brodering, en kongelig hobby.

RANDI MANGEN & CO

SPESIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Paraplyer Regntøy

HENRIK BØHM I AKERSGATEN

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 33 44 33.

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn.

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer.

R. Reinsoold^a

Gardiner og utstyr

BERNT ANKERS GATE 2, OSLO — TELEFON 41 51 82

riske romanen i norsk bokheim, og som diktverk ris han opp mellom det mest sermerkte som er skapt av menneskeskildring i norsk og europeisk litteratur i dette hundreåret. Fåe verk har så avgjort kvalifisert sin diktar til Nobelprisen som dette gjorde då det var fullført i 1922. Den historiske bakgrunnen for hendingane i romanen, tida frå kong Håkon V døyr i 1319 fram til den store manndauen i 1349, har Sigrid Undset teikna ut frå inngåande studium av historiske kjelder, og med intuitiv sans for livet og menneska som er løynde bak dei historiske dokument. Den strenge og nitide realismen som ein møter i samtidromanane hennar, har og sett sitt preg på den intime historiske miljøskildringa, og gjort denne levande og overtydande med ein sjeldsynt rikdom på karakteristiske serdrag og detaljar. Like vel er det historisk-dokumentariske i romanen vove så organisk inn i det diktverne, at det aldri hindrar eller bryt illusjonen av fri dikting. I denne sameining av historie og skapande dikting steller Sigrid Undset seg på line med dei norrøne sagaskrivarane, og ho har som ingen annan norsk diktar i nyare tid greidd å nytte ein stilistisk metode som direkte byggjer på den islandske ættesoga.

Om dette skreiv professor Knut Liestøl i ein kritikk av verket: «Um det ein gong i framtidi vert spursmål um kven det var som hadde gjort mest til å forma ut det biletet som ætti kring 1930 gjorde seg av norsk millomalder — so vert svaret tvillaust: Snorre og Sigrid Undset.... Dei hev skrivi um kvar sine emne, um kvar si tid, med ulike fyremål og med ulik kunstnarleg teknikk. Men dei hev baa skapt store kunstverk, og verknaden på oss vert i stor mun den same: eit levande inntrykk av det framfarne, ei lang rekkje menneskelagnader som interesserar oss og som me ikkje gløymer, fordi dei er fyllte med so mykje livssanning.»

Når det gjeld den rikshistoriske bakgrunnen i romanen, så er det ei hending kritikken har sett spørsmåls-teikn ved: oppreistrørsla Erlend går med i og blir dømd for, som hadde til føremål å få Håkon, sonen til her-



Skipa 1921

Bruk kontant-sjekk

Med kontant-sjekk i lomma har De pengar i banken
og får rente heile tida.

OSLO NYE SPAREBANK

Rosenkranz gate 9 - Oslo

Telefon 33 04 66 - Telegramadresse «Oslobank»

Velkommen til

Fornebu Flyrestaurant

Fin utsikt over flyplassen - Lett adkomst med Snarøybussen

Vennligst ring telefon 53 65 60


LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

GJENSIDIGE

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30





Skisser av Arne Walentin.

Framhald frå side 11

bimotiv: den tragiske episoden mellom Erlends stykdotter Margret og den gifte mannen Håkon på Gimsar, råkar Erlend der han er mest sårbar. Og Kristin brukar det mot han, utan nåde, i den store bitre oppgjersscenen etter tretten års samliv, klimaks i det ekteskapsdrama som *Husfrue* også er. Den ålmenmenneskelege brytninga mellom mann og kvinne: mannen kvilelaust opptatt av gjeremål utanfor huset, i eit gny av dåd og våpen og høgt spel om makt, kvinna bunden til huset, meir bunden for kvart barn mannen gjev henne, bevande av morslykke, men og pint av uro og omsorg for flokken som veks opp ikring henne, den konflikten er så klår i *Husfrue* at Kristin og Erlend, midt i det at dei er menneskeleg levande, står som eviggyldige prototypar på Kvinna og Mannen.

I *Husfrue* haustar Kristin og Erlend bitre frukter av den sed som vart sådd i Kransen. Skuggar av fortida, av syndefallet som aldri vart skrifta, av opprøret mot faren som vart så blodig krenkt, av det indirekte drapet på Eline Ormsdotter, alt det heng som trugande damoklessverd over Kristins

Framhald side 31

Alltjenest Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller - Faste oppdrag mottas

Ingen heim utan hage

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar kr. 15,— for året i medlemspengar. Alle medlemmer får tilsendt tidskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minne-
liste for hagedyrkere».

DET NORSKE HAGESELSKAP

MOTZFELDTSGT. 1 — OSLO

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A/S

Valkyrjegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

og Erlends samliv på Husaby. Men lyset frå sommarnatt-
hagen på Hovin i Oslo sprengjer iblant alt mørke. Og da
Erlend blir førd bort frå Husaby som ein fattig fanga mann,
men ein rakrygga mann — i nederlaget viser han sine edlaste
kvalitetar — da er det det lyset som får Kristin til å gløyme
alt anna: husfruplikter, born, Gud, ho har berre e i n tanke:
at ho elsker Erlend og at han elsker henne, og at ho vil
berge livet hans kva det så måtte koste. Skodespelet Hus-
frue endar her, i ein slags tragisk jubel. Og så i neste om-
gang møtest dei to att, på Jørundgard, der så mange ting
minner, og alt konfliktstoffet flytter dei med seg dit, og
kampen tar ikkje slutt før Erlend ligg død. Men det er neste,
s i s t e fase i skjebnedramaet om Kristin Lavransdatter og
herr Erlend av Husaby.

Etter urpremieren på Kransen for to år sidan vart det
noko diskusjon i avisene om dramatisering av store romanar.
Er det rett å gripe inn i den levande organismen eit dikt-
verk er, og skapa det om, gje det ny form? Til kritikken som
vart reist på det grunnlaget vil eg gjerne få svara at dikt-
verket finst mellom permene i bokhylla, like rikt og mang-
slunge som før. Ei dårleg dramatisering kan ikkje svekkje det,
ho er gløymt like fort som ho
kjem. Ei vellykka dramatisering
kan skapa ny blåst omkring ver-
ket, få ein ny generasjon til å
oppdaga det, ta det ut av bok-
hyllene. At framføring av Kran-
sen på teatret skapte reine Kris-
tinfeberen her i landet, tar eg som
eit prov på at det var rett å gje
romanen scenisk liv. Sigrid Und-
set hadde eingong sjølv planar
om å dramatisere Kristin, i sam-
arbeid med ein norsk dramatikar,
og ho var sterkt opptatt av Duuns
«Medmenneske» på Det Norske
Teatret. Så ho hadde i alle fall
ikkje prinsipielt imot dramatisere-
ring av episk stoff.



LIBERTAS

Incognitogaten 18, Oslo

Fellesorgan for næringspolitisk opplysningsvirksomhet finansiert av næringsdrivende i skipsfart, industri, håndverk, handel, skogbruk, jordbruk og liberale erverv.

Opplysningsvirksomheten foregår gjennom:

- **ELINGAARD**
- **ELINGAARD BREVSKOLE**
- **OPPLYSNINGSINSTITUTTET
FOR FRITT NÆRINGS LIV**

Fritt næringsliv gir bedre kår for alle

ALL-TRYKK A.S

Grønlandsleret 39. Telefon 67 33 80

Utfører alt i avis- og aksidenstrykk

Framhald frå side 27

tuginne Ingebjörg Håkonsdotter og greiv Porse, til sernorsk kongsemne — er dette røyndeg historie? — Forfattarinna vedgjekk i eit brev til professor Fredrik Paasche at ho her hadde tillate seg å dikte på ein hypotese, og ho ordla seg slik: «Det er så sin sak å skulle opkonstruere et hittil ukjent kapitel av Norgeshistorien.» — Paasche svara: «Det burde iallfall ha hendt.» Noko prov er, så vidt eg veit, ikkje ført anten for eller imot hypotesen. Men det *kan ha hendt*, og det er god nok grunn å byggje på for diktaren.

Olav Dalgard.

Thoralf Vik

Bygg- og tømmermester

Kontor: Armauer Hansensgt. 14 b, tlf. 60 47 18.

Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62.

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

JOHANSEN & NIELSEN

BOKTRYKKERI

Pilestredet 45. b, Oslo

Sentralbord 60 1795

Norske Meieriers Salgssentral

Bredgt. 10 - Sentralbord 67 68 80

Spelplanen frametter:

August Strindberg:

LYKKÉ-PERS REISE

Georges Schehadé

HISTORIA OM VASCO

Ugo Betti:

MANNEN SOM KOM

Anton Tsjekov:

MÅKEN

Udare på speleplanen:

Bert Brecht: DEN KAUKASISKE KRITSIRKELEN

August Strindberg: EIT DRAUMSPEL — Antonio Buero

Vallejo (ny spansk dramatikar) BRENNANDE MØRKE

William Shakespeare: ROMEO OG JULIE

Henrik Ibsen: PEER GYNT — Euripides: MEDEA

S. BRUUN

Niels Juelsgt. 27.

Telefon 44 03 84.

Lamper — Skjermer — TUV

Elektriske apparater m. m.

PANORAMA-PARADEN

Benytt anledningen etter teatertid å se våre
vinduer, hvor årets modeller av
TV- RADIO- PHONOUTSTYR
står utstilt.

DESSUTEN har vi Oslo's største utvalg i
GRAMMOFONPLATER

KUN 2 MIN. FRA DET NORSKE TEATRET
(Rundt TANNUM-HJØRNET)



TRYGVE GOTSCHALKSEN
HAAKON VII GT. 5. - TLF. 33 75 11

BRANN
og annan skadetrygd



Norges Brannkasse

Trygdetakarane sitt eige trygdslag